

**Vedtekter
for
Veteranbåtlaget Atløy**

Org. nr.: _____
(Vedtatt 2. mars 2013)

§ 1 FORENINGA SITT NAMN

Namnet til foreininga er Veteranbåtlaget ATLØY og laget vart stifta 2. mars 2013.

§ 2 FØREMÅL

Laget sitt føremål er å eige, verne, restaurere og drive gamle M/S "ATLØY", som kulturminne, og samarbeide med Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturinstitusjonar, museum og andre interesserte for å nå dette målet.

Laget si forretningsadresse er i Flora Kommune, men laget kan utøve si verksemeld langs heile kysten av Noreg.

§ 3 JURIDISK PERSON

Laget er sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

Medlemmene deltek berre med avtalt eller bestemt innskot, og har ikkje personleg ansvar for laget sine plikter.

§ 4 MEDLEMMER

Berre dei som har betalt innmeldingskontingent har høve til å være medlem i laget. Innmeldingskontingent er kr 1.000 per medlemskap, eit medlem har høve til å eige fleire medlemskap i laget. Innmeldingskontingent blir betalt ved innmelding og skal nyttast til eigenkapital i laget. Nye medlemskap skal godkjennast av styret.

§ 5 STEMMERETT OG VALBARHEIT

Alle medlemmer har stemmerett og er valbare til tillits verv i laget.

§ 6 TILLITSVALDE SI GODTGJERSLE

Tillitsvalde kan ta i mot refusjon for faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste. Dette skal gå fram av rekneskap.

§ 7 ÅRSMØTE

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Medlemmane vert innkalla skriftleg med minst 14 dagars varsel eller ved kunngjering i lokal avis. Forslag som skal handsamast på årsmøtet skal være sendt til styret innan januar. Fullstendig saksliste må være tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Styret kan invitere andre personar og/eller media til å være til stades.

Årsmøtet er vedtaksført utan omsyn til tal deltarar. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. I høve like stemmer, har styreleiar dobbel stemme. Dette gjeld ikkje ved val. I høve like stemmer ved val, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

Ved avstemming har kvart medlem ei stemme. Dersom minst eit medlem krev det skal avstemming skje i høve det tal medlemskap den enkelte representerar i møtet.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne saksliste og innkalling
2. Velje protokollførar og ein person som saman med styreleiar skal skrive under årsmøteprotokoll
3. Handsame styret si årsmelding og årsrekneskap
4. Fastsette retningsliner og budsjett for neste års drift
5. Velje styremedlemmer som står på val
6. Velje styreleiar for 1 år
7. Velje valkomité på 3 personar for 1 år
8. Velje revisor
9. Andre saker som er nemnt i innkallinga

§ 8 EKSTRAORDINÆRE ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn grunn til det, eller når minst 10 % medlemmene krev det. Innkalling skjer som for årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame saker som er nemnde i innkallinga.

§ 9 STYRET

Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer. Direktør for kultur i Sogn og Fjordane Fylkeskommune eller annan representant frå kontoret hans, har høve til å møte på styremøta og har tale- og forslagsrett. Kystmuseet er sekretær fro styret, fører rekneskapen og har det faglege ansvaret for restaurering.

Styret er øvste mynde mellom årsmøta. Styreleiar er dagleg leiar av laget. Styreleiar leier styremøte og årsmøtet.

Laget vert teikna av styreleiar saman med 1 styremedlem. Styreleiar har prokura.

Styremedlemmene vert vald for to år om gangen. To i styret er på val 1. år etter stifting av laget, kven som er på val etter 1. år vert avgjort ved loddtrekking på første ordinære årsmøte etter stifting av laget.

Styret sine plikter:

Styret tek vare på laget sine interesser og forvaltar midlane til laget. Styret skal også:

1. Dra opp retningsliner for bruk og drift av fartøyet og utarbeide instruks for skipsføraren.
2. Setje opp restaureringsplan.

3. Vere ansvarleg for rekneskapsføring og legge fram revidert rekneskap ved årsmøtet og administrere og føre nødvendig kontroll med Atløy sin økonomi i høve til dei til ei kvar tid gjeldande instruksar og bestemmingar.
4. Legge fram budsjett for komande år til årsmøtet.
5. Halde fartøyet forsvarleg assurert.

Styret skal halde møte når leiaren krev det eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styrets medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av de gjevne stemmene. Ved stemmelikskap teller møteleiar si stemme dobbelt.

§ 10 VEDTEKTSENDRING

Vedtektsendring kan vedtakast på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal av frammøtte medlemmer.

Vedtektsendring skal leggast fram for medlemmane på ordinært årsmøte og vedtakast på ekstraordinært årsmøte tidlegast 6 månader etter ordinært årsmøte.

Framlegg til vedtektsendring må vere styret i hende innan 2 månader før årsmøte, og må vere kunngjort skriftleg til medlemmane innan ein månad før årsmøte.

§ 11 OPPLØYSNING OG AVVIKLING

Oppløysning av laget kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, innkallast ekstraordinært årsmøte tidlegast 6 månader etter ordinært årsmøte for å vedta gjennomføring av oppløysning av laget og godkjenne avviklingsrekneskap.

Det skal veljast eit avviklingsstyre på tre medlemmer av det årsmøtet som vedtek opplysinga. Avviklingsstyret skal gjennomføre avvikling av laget og legge fram avviklingsrekneskap for ekstraordinært årsmøte for godkjenning.

Ved oppløysing skal midlane til laget forvaltast i samsvar med Veteranbåtlaget Atløy sitt føremål.

§ 12 SAL AV FARTØYET

Ved forslag om sal av fartøyet skal ein nytte same prosedyre som ved § 11, oppløysing.

§ 13 REKNESKAP

Rekneskap skal avsluttast per 31. desember kvart år. Budsjett følgjer rekneskapsåret.

§ 14 PROTOKOLL

Det skal førast protokoll over alle styremøte og årsmøte.